

Møtereferat

Føremål: Fast møte med PKO
Møtetid: Torsdag 04.11.21
Stad: Join-møte, 701857
Referent: Svein Ove Alisøy
Møteleiar: Svein Ove Alisøy
Saksnr:

Deltakarar			
Namn	Tittel	Eining	Forfall
Svein Ove Alisøy	Avdelingssjef	Psykiatrisk klinikk (PSK)	
Kaj Espen Nyland	Medisinsk fagleg rådgjevar	PSK	
Lillian Sætre	Kst Seksjonsleiar	DPS dag	
Normund Rolleiv Svoen	Praksiskonsulent	Fag –og utviklingsavdeling	
Jan Ove Tryti	Praksiskonsulent Sogn	Fag –og utviklingsavdeling	
Anita Sørheim	Praksiskonsulent Nordfjord	Fag –og utviklingsavdeling	

AGENDA

Nr	Sakliste	Ansvarleg
6/21	Fagdag/samhandlingskonferanse i 2022?	Svein Ove Alisøy
7/21	Medikamentadministrering for TUD (pasientar på tvang utan døgnopphald). Depotinjeksjonar.	Svein Ove Alisøy
8/21	Eventuelt	

REFERAT

Nr	Innhald
6/21	<p>Det vart diskutert om det skal arrangerast fagdag/samhandlingskonferanse i 2022, noko det var interesse for. Forslag om felles fagdag/samhandlingskonferanse for DPS Indre Sogn, DPS Sunnfjord og Ytre Sogn og DPS Nordfjord. Forslag om varigheit på 8 x45 minuttar som t.d. kan vere 2 sesjonar på 3 timar med pause midt mellom og som vil utgjere nok timar (8 klassesimar a 45 minuttar) for å få det godkjent som valfritt kurs for kommunelegar. Ynskje om høve til å kunne delta digitalt for dei som ynskjer det.</p> <p>Aktuelle tema kan vere:</p> <ul style="list-style-type: none">• Lovverk knytt til tvang og §4A• Henvisingsspraksis, inn og utskriving• Grensepasientar• Oppdatering om pakkeforløp• Informasjon om pasienttilbodet E-mestring

	<ul style="list-style-type: none"> Informasjon om kva utredningsverktøy som vert brukt av behandlarar i spesialisthelsetenesta og kva oppgåver/ansvar dei ulike yrkesgruppene på poliklinikken har <p>PKO sender inn forslag til tema til fagdag/samhandlingskonferanse til avdelingssjef Svein Ove Alisøy, på e-post: svein.ove.alisoy@helse-forde.no</p> <p>Alisøy spelar inn ynskje om felles fagdag/samhandling/erfaringskonferanse til klinikkdirektør psykisk helsevern og til avdelingssjefane i psykisk helsevern.</p>
7/21	<p>Kaj Espen Nyland svarte ut spørsmål på kven som kan sette depotinjeksjonar/medikament på pasientar som er på TUD (pasientar på tvang utan døgnopphald). Tilsette i kommunane kan gje pasientar på TUD depotinjeksjonar/medikament. Kommunane kan ikkje bruke tvang når dei gjev depotinjeksjonar/medikament og i dei tilfellene må pasientane inn til spesialisthelsetenesta for å få depotinjeksjon/medikament. Pasientar ynskjer ofte å kunne ha høve til å kunne motta depotinjeksjon i kommunen ein bur og derfor er det fleire pasientar på TUD som i dag får depotinjeksjon/medikament i kommunen der dei bur.</p> <p>Det vart spelt inn frå Jan Ove Tryti at Psykiatrisk klinikk kunne undersøkje saka med kontrollkommisjonen for å få kontrollkommisjonen sitt syn på saka over.</p>
8/21	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> Ynskje frå PKO (praksiskonsulentar) frå Nordfjord, Sunnfjord og Sogn om felles dialogmøte med avdelingane i Psykisk helsevern. Det er ynskje om at vi stiller med psykiater på møtet. Hyppigheit ca kvar 6 månad, første torsdag i månaden mellom kl 0830-1000 med høve til å delta digitalt. Alisøy spelar dette vidare til dei andre avdelingssjefane og klinikkdirektør psykisk helsevern. Alisøy gjekk gjennom statistikk for innleggingar akutt døgn frå dei ulike opptaksområda i Helse Førde Psykiatrisk klinikk får midlar i 2022 budsjettet til å styrke det ambulante tilbodet. Poliklinikken ved Psykiatrisk klinikk har redusert kapasitet og det kan påverke ventetida vår.

Aksjonspunkt

Nr	Aksjonspunkt	Ansvarleg	Tid	Status